Nr. 5 juli 2007 - Årg. 22



# Bygdabladet for BOKN



St. Hans i strålande vér. Les meir s. 2



Sjelden kost, gule maur i Knarholmen under KM i trial 23. juni
Les meir s. 4



Strålande øyastemne
Les meir s. 12



Studietur til Kenya
Les meir s. 14

www.bygdabladet.no

# Kjære lesar!

Sjølv om me lever i eit moderne informasjonssamfunn der internett er og blir temmelg sentralt i svært mykje, og der fleire og fleire i alle generasjonar skaffar seg tilgang til Verdsveven, held papirutgåva fram i noverande form. Det er noko med å halda i eit klassisk produkt, der alt er samla mellom to permar. Likevel blir det interessant å følga utviklinga av nett-aviser kontra nettutgåvene, og om dette i framtida vil få noko å seia for Bygdabladet si papirutgåve.

I tillegg til sjukemeldingar og andre gjeremål har til-rettelegginga av ny kommunal webside tatt så mykje tid denne våren at blad nr. 3, 4 og 5 blei kraftig for-sinka. Etablerte nettlesarar har ikkje merka så mykje til dette i og med at ferskt stoff jevnleg har blir lagt ut på nettet. Eg reknar med at ting har stabilisert seg slik etter sommarferien at bladene då vil koma ut når dei skal.

**bokn.no - bokn.kommune.no - bygdabladet.no**
Alle desse domenene peikar til den nye websida, som blei lansert 8. juni, og er ei samansmelting mellom dei gamle sidene til Bokn kommune og Bygdabladet sine. Gode tilbakemeldingar tyder på at me har funne fram til den beste webløysinga for ein kommune med begrensa ressurser til slikt arbeid.

Me har eit godt utgangspunkt for at du som publikum skal finna det du leiter etter. Dette heng i første rekke saman med venstremenyen til nettsida, kor utviklingspotensialet er størst. Nå i starten vil du nok sakna ein del, særleg under **Tenester**. Her vil nye tenestesider komma på plass så snart dei blir ferdige.

**Eldre nytt**
Ved å klikka på Eldre nytt i høgremenyen vil du få til-gang til samtlege artiklar og reportasjar frå Bygda-bladet si nettutgåve frå starten 1. april 2003.

Har du tankar eller idéar om websida, om kva som er bra og kva som bør gjerast annleis, så ikkje nøl med å ta kontakt.

**Medarbeidarar**
Det som alltid er viktig, uavhengig om det er nett-utgåve eller papirversjon, er tilgangen på stoff til bladet. Eg set stor pris på alle som hjelper til å få eit variert blad, enten det er i form av tips, fotografering eller tekstar, både munnlege og skriftlege.



Hein Robert Sævland og Daniel Dobrev (bildet) har i vår og sommar representert dei unge samarbeidspartnarane. Hein Robert har jobba i Servicetorget og Bygda-bladet sidan 1. april medan Daniel fekk ei hektisk uke rett etter skuleslutt.
Begge to har søkt media og kommunikasjon ved Vardafjell vid. skule, og det skulle passa godt med litt erfaring i intervju, foto-grafering, tekstutforming, redigering og montering, noko dei fiksar på ein glimrande måte!

(Sjå elles eige intervju med Hein Robert lenger bak i bladet)

**- redaktøren -**

# St. Hans i strålande vér

May Jorunn Vatnaland



Ja, nå er det aust-lendingane sin tur til å ha regn på St. Hans-aftan.
Nå skal me ha sol og fint i like mange år som me har hatt regn og kuling.

Ein fantastisk flott kveldstund blei det på nærmiljøanlegget på Fyren i år igjen.
- Ja det va itte me kom oss ifrå Ogna-habn det ordna seg med véret, seier Leiv (han likte seg ikkje heilt der).

Speidaren opna kvelden på speidarvis med flaggutrulling og nasjonalsong.

Leiv ønska velkommen og hadde ein kort andakt.

Det var i år rekordstort oppmøte av deltakarar. Fleire og fleire har funne ut at me har valt ein fin og eigna plass til arrangementet. Nå må det vel føyast til at me enno ikkje prøvd plassen ut i kuling og regn. Då er det ikkje mange plasser det er bra...

I år bidrog også Trialklubben med et stort publikum av tilreisande, pga. kretsmesterskapet tidlegare på dagen i Knarholmen.
Dei stilte óg med bord og benker, og salgsvogn, der issalet gjekk strålande.

Båtforeningen hadde satt opp taubane og mange fekk seg eit bad.
Elles dukka det opp et overraskande besøk av to piratar som fekk engasjert ungane med på skattejakt **(bildet).**
Det var mykje aktivitet rundt grillane, og lappesalet til Svanhild gjekk unna som "varmt kveitebrød".

**Respektlaust**
Bålet var i år rekordstort og beklagligvis var det ikkje alt som burde ligga på bålet.
Det er synd at folk ikkje har respekt for miljø, og dermed bruker bålet som bossplass.
Dekk, presenningar, isopor og metall høyrer ikkje heime her.
Håper dei av dykk som har gjort det, leser dette og tenker på det til ein annen gong.

Ikkje kjekt at speidaren får skulda for alt skrot som bålet blir fylt opp med. Me har ikkje høve til å sortere på førehand.
Kanskje er det dei same som og sett bossekker ved sida av containeren slik at fuglane kan ha det kjekt om natta? *Hugs at nokon må rydde opp etter deg!*



Endringane ved Coop Bokn held fram:

# Gjestehavn med tankanlegg tatt i bruk

Daniel Dobrev

**Olav L. Rossebø var den første som fylte diesel ved det nye anlegget i Føresvik om morgonen 23. juni.**

Kaien, som blei mala av flittige 9. klasse-elevar for ei stund sidan, har nå fått ei flunkande ny drivstoffpumpe.

Offisiell opning av gjestehavna blir på marknadsdagen 7. juli.

Butikken har også fått ein bankterminal ved bensinpumpa på nordsida, noko som betyr at det vil bli mogleg å fylle drivstoff etter at butikken har stengt.

**Nye fargar**
På baksida av butikken skal det asfalterast og settast opp border, samt at heile bygget skal malast i ein ny farge.

- Dei nye opningstidene er viktige å nemna, seier kjøpmann Tor Harald Alvestad, som også legg til at til hausten skal taket inne i butikken malast kvitt og nytt ventilasjonsanlegg skal installerast.



**HISTORISK BILDE: Tor Harald Alvestad, tv. og Olav L. Rossebø er strålande fornøgde med at Bokn nå har fått gjestehavn med tankanlegg.**

**Foto: Jon Eiksund**

# Kretsmesterskap i Trial tradisjon på Bokn?

Kjetil Hamre




**Sankt Hans skjedde det helt store motoreventyret på Bokn med KM i trial, med 99 påmeldte deltakere.**

Det er stor alderspredning når det arrangeres et kretsmesterskap i trial. Fra 1964-modeller til de yngste født i 2002 trakterer hissige hestekrefter med kustus og stil. Det er likevel i aldersgruppa 5-18 år som utgir hovedtyngden av deltakerene med mest deltakelse i 5-9 årsklassen med 38 deltakere av totalt ca. 90.

### Treningssamling

De yngste deltar på treningssamling og alle får premie for flott innsats. De skal bare kose seg, men eldre klasser også må finne seg i å bli målt på sine ferdigheter. Det kjøres i ulike seksjoner og et prikk-belastingssystem gjør at hver deltaker blir målt opp mot andre i lik klasse i samme seksjon. Det utdeles prikker for hver gang et bein må ned i bakken for å opprettholde balansen. For en lekmann som ser på er det nesten uforstående at dette ikke skjer oftere!

Til å komme seg rundt i terrenget brukes motorsykler av varierende størrelse, fra 50 cc og opp til 290 cc. Det er mange av de litt eldre som kjører 125 cc-sykler på stevnet.



**Høyt i det blå. Dommer Roy Olsen i bakgrunnen følger godt med.**



**General Artur Trosnavåg inspiserer troppene.**

### Blide værguder

Været viste seg fra sin beste side til deltakere, funksjonærer og publikums store glede. Selv om enkelte av seksjonene var svært krevende var det imponerende å se hvordan det kan manøvreres på tørt land. Med oppholdsvær slapp Pluggen også unna nødplaner, og kunne legge dem rolig bort i en skuff!

For å dra et KM i trial i land kreves gode medhjelpere. Sekretæriat krever sitt, kioskpersonell sørger for mat og snadder til alle som måtte ønske, og dommere i seksjonene passer på at alt går rett for seg til alle tider. Alle gjorde jobben med godt humør og innsats på topp. Her kan boknaren trygt slå seg på brystet og si vel blåst til hverandre.
Men før selve løpet må alle sykler gjennom en teknisk sjekk for å sikre at sykkelen er i forskriftsmessig stand. Til dette krevdes også personell.

### Et vellykket ekteskap

Trialen er underlagt Bokn IL, og det gode samarbeidet viste igjen i at stort sett alle som deltok for å få arrangementet i havn har tilknytting til de to aktørene. Det ble også hatt en utlodning til inntekt for





**Det går ned og det går opp…..**

BIL. Dette viser det gode samarbeidet i praksis.

Selve løpet varer i 4 1/2time. På denne tida skal kjøreren gjennom sju ulike seksjoner tre ganger og prikkene telles til slutt opp. Det var rett og slett spektakulært å se på selv gjennom en kameralinse! Det dukka opp en del interesserte tilskuere og Pluggen var svært fornøyd med oppmøtet. Terrenget ved Knar-holmen er prega av mye haug og hammer, og det var en ny utfordring for mange av deltakerene,



**Slålom i furuskogen.**

men etter en gjennomkjøring ble utfordringene tatt på strak arm og smilet kom på plass.

**Trialkjøreren**

Hva kreves det for å bli en god trialkjører var et spørsmål jeg satt igjen med. Svaret jeg fikk var god balanse, konsentrasjon og etter hvert utholdenhet. Ikke noe for undertegnede med andre ord….. Etter å ha sett på trialkjøring i mange timer er det bare å ta av seg hatten for hva som kan gjøres på to og ett hjul. Dette gjelder fra de minste og til eldste deltaker. At ambulansepersonell hadde en rolig dag skyldes ferdigheter og disiplin på høyt nivå. Jeg tenker at både Pluggen, ambulansepersonell og foreldre er fornøyde med akkurat den biten.

Jeg fatter fortsatt ikke at et bein eller arm knakk, selv om det skal sies at en hånd fikk hard medfart. I de verste seksjonene hadde jeg problemer med å komme frem på to bein!
Den sosiale biten i trial er viktig. I og med at foreldre må stille opp og være med på løp og trening blir det som en familie å regne. Dette viste seg igjen i at svært mange valgte å delta på st. Hansfeiring etter løpet. De så ut til at de trivdes like godt der som under løpet.

**Stor takk**

Jeg vil takke alle som deltok for å gjøre KM til en fest: Fra foreldre til deltakere og til alle de frivillige funksjonærer og kioskpersonell som holdt det hele sammen. Jeg fikk meg en fin opplevelse og jeg kan bare håpe at deltakere og foreldre fikk det samme. KM må gjerne komme til Bokn ved en senere anledning om det hadde vært opp til meg å bestemme…..

**Resultater på www.bokn-trial.com**



**Full kontroll.**

# Ombygging servicetorg/banklokale

Tekst: Gro Sørensen - Foto: Reidar Alvestad

**Nå er vi i full gang med ombygging i det som skal bli nye lokaler for servicetorg, SR-bank, NAV Bokn trygd, sosialkontor og landbruks-kontor.**

Ombygginga starta med riving av gamle kontor til leder i servicetorg, kultursjef og kyrkjeverge for deretter å bygge dem om.
Etter dette kom turen til det gamle banklokalet som viste seg å være en utfordring med hensyn til det gamle golvet. Dette medførte at banken måtte stenge, og banken sine ansatte måtte flytte på seg til SR-bank sin avdeling i Aksdal. Heldigvis tok bank-folka det med godt humør.

Golvet i banklokalet var et såkalla datagolv der løse sponplater hvilte på små sokler. Resultatet var at dette golvet knirket så mye at vi måtte skifte det ut. Dette tok en del tid, men nå er vi kommet så langt at banken faktisk åpna 2. juli, etter først å ha blitt utsatt en gang. **Hurra, et mål nådd!**

Fremdeles gjenstår golvbelegg, listing og montering av dører i resterende deler av det totale arealet før de andre samarbeidspartnerne til banken kan flytte inn. Men det kommer.

Ordførar har bestemt at offisiell opning av nytt servicetorg med samarbeidspartnere skal skje 20. august og vi gleder oss alle. Vi tror at vi skal få til et godt servicetilbod med mange funksjonar samla under et tak, til glede for brukerne våre.

**Bilder 02.07.07:**



**Inngangspartiet har blitt større, fått ny skyvedør og nye fliser.**



**Venteplassen har fått ny, fancy sittegruppe - faktisk god å sitte i.**



**Kassen i banken ble tatt i bruk 2. juli.**



**To NAV-kontorer og et sosialkontor mot nordøst.**



**Banklokalet sett fra inngangspartiet.**

## Frå forvaltningsstyremøtet 07.06.2007

**Sak nr.: 028/07 SØKNAD OM BYGGING AV KAI - GNR 21 BNR 2. KJELL BLIKSHAVN**

**Forvaltningsstyret sitt vedtak:**
Det gis tillatelse til oppføring av kai/molo.

---

**Sak nr.:029/07 SØKNAD OM DISPENSASJON - FRADELING AV HYTTETOMT - GNR 19 BNR 52 - HANS OLUF DAHL**

**Forvaltningsstyret sitt vedtak:**
Det gis tillatelse til fradeling av hyttetomt.

---

**Sak nr.:030/07 DISPENSASJONSSØKNAD - EKSTRA VINDU I NAUST OG OPPFØRING PIPE - GNR 16 BNR 3**

**Forvaltningsstyret sitt vedtak:**
Med 4 mot 3 røyster blei det ikkje gitt tillatelse til ekstra vindu i naust og oppføring av pipe.

---

**Sak nr.: 031/07 REGULERINGSPLAN FOR TURVEG MELLOM FØRESVIK OG ALVESTADKROKEN.**

**Forvaltningsstyret sitt vedtak:**
Det blei vedtatt at reguleringsplanen legges ut til offentlig ettersyn og at I området ved Bokn Plast AS, på Harry Vågshaug sin side, trekkes traseen nærmere sjøen.

Videre detaljer tas opp etter at saka har vore lagt ut til høyring.

---

**Sak nr.: 032/07 DISPENSASJON FRA REGULERINGSPLAN – ØYRENFELTET**

**Forvaltningsstyret sitt vedtak:**
Forvaltningsstyret opprettholder sitt vedtak frå 12. april 2007 om å tillate inntil fem tomannsboliger på Øyrenfeltet.

---

**Sak nr.: 033/07 VEILEDENDE NORM FOR UTFORMING AV NAUST OG BÅTGARASJER I BOKN**

**Forvaltningsstyret sitt vedtak:**
Forvaltningsstyret innstiller til kommunestyret å godkjenne "Veiledende norm for utforming av naust og båtgarasjer i Bokn", datert 30.05.2007

---

**Sak nr.: 035/07 BEBYGGELSESPLAN KNARHOLMEN - ÅGE WEE/WEE TRADING INTERNATIONAL AS**

**Forvaltningsstyret sitt vedtak:**
Forvaltningsstyret godkjenner forslag til bebyggelsesplan for Knarholmen, sone 1, slik det fremkommer på plankart datert 30.05.2007 og planbestemmelser datert 12.06.2007, med følgende endring i § 6: "Leilighetene i bygget skal brukes i sammenheng med næringsvirksomhet i sone 1."

---

## Frå forvaltningsstyremøtet 19.06.2007

**Sak nr.: 036/07 TILDELING AV KVOTER FOR HJORTEVILT 2007.**

**Forvaltningsstyret sitt vedtak:**
Forvaltningstyret godkjente nevnte fordeling, jf. grunngjeving av saka



## Frå kommunestyremøtet 19.06.2007

**Sak 014/07 MIDTSKYSSEN FRÅ AUGUST 2007**

**Kommunestyret sitt vedtak:**
Formannskapet si innstilling vart vedtatt med 11 mot 6 røyster.

---

**Sak: 015/07 KUNNSKAPSLØFTET: KOMPETANSEUTVIKLINGSPLAN FOR 2007**

**Kommunestyret sitt vedtak:** Formannskapet si innstilling blei vedtatt.

---

**Sak: 016/07 ÅRSMELDING 2006**

**Kommunestyret sitt vedtak:**
Årsmeldinga blei tatt til etterretning.

---

**Sak: 017/07 REKNESKAP 2006**

**Kommunestyret sitt vedtak:**
Formannskapet si innstilling vart samrøystes vedtatt.

---

**Sak: 018/07 SENIORPOLITIKK.**

**Kommunestyret sitt vedtak:**
Formannskapet si innstilling over regelverk for seniorpolitikk blei vedtatt.

---

**Sak: 019/07 STYRKING AV BEMANNINGA I HELSESEKSJONEN.**

**Kommunestyret sitt vedtak:**
Etter formannskapet si innstilling blei det vedtatt å styrke bemanninga i helseseksjonen.

---

**Sak: 021/07 REGULERINGSPLAN FOR FØRESVIK HAVNEOMRÅDE OG INDUSTRIOMRÅDE FOR BOKN PLAST A/S**

**Kommunestyret sitt vedtak:**
Før saka blei tatt opp til votering, orienterte rådmannen om møte med representantar frå Fylkesmannen og Bokn kommune, representert med ordførar, nestleiar i Forvaltningsstyret og konsulent Bernt Østnor og rådmannen.
Ut frå møtet med Fylkesmannen la rådmannen fram fylgjande tillegg/alternativ til vedtak:

- Dei 2 områda som i planen er sett av til avløpsanlegg gjeres om til friområde
- Område som i planen var sett av til friområde, B4, gjeres om til naust.
- Område på kommunal eigedom, N6, som i planen var sett av til friområde, settes av til naust.

Etter at rådmannen hadde lagt fram dette forslaget, trakk Merete Alvestad sine forslag fra forvaltningsstyret, pkt. 1 og pkt. 2
Ordføraren tok på denne bakgrunn forvaltningsstyret sitt samrøystes framlegg til vedtak i avsnitt 1 til og med 4 inkl. forslag til rådmannen pkt. 1 og pkt. 2 med tillegg av framlegg til vedtak frå rådmannen som framlagt på møtet.
Framlegget vart samrøystes vedtatt. 14 voterande

---

## Frå formannskapsmøtet 19.06.2007

**Sak 044/07 TILDELING AV NYE GATENAVN OG HUSNR I BOKN**

**Formannskapet vedtok**: det blei vedtatt med 4 mot 3 røyster å beholde allerede vedtatte gateadresser uendra.

# Eit glimrande tilbod frå kommunen

Daniel Dobrev

Kvart år får ungdommane i 9., 10., og 1. vidaregåande klasse eit tilbod frå kommunen om sommarjobb. Dette tilbodet inneber at kvar elev får velje mellom eit mangfold av arbeidsplassar rundt om på Bokn, kor dei skal arbeida i vanlegvis ei veke.

Til nå har det berre vert 1. klasse på viaregåande som har fått to veker, men kommuen seier at dersom dei hadde hatt nok penger skulle alle fått to veker. Kommunen anslår netto utgifter kvart år til å vere i underkant av 100.000 kroner, avhengig av kor mange private arbeidsplassar som vil ta imot elevar.

Til nå har elevane som har hatt sommarjobb blitt godt mottekne av arbeidsgivarane, og dei har motatt gode tilbakemeldingar óg. Dette året har 22 elevar tatt i bruk denne avtala frå kommunen, og ein kan trygt seie at den avtala er eit positivt innspel frå kommunen si side. Tilbodet har pågått i 9 år nå, og det ser ikkje ut til at det skal ende med det fyrste.



**Vidar Øvrebø** valde å jobba med vaktmeisteren det fyrste året på hans sommarjobbopplegg, i samarbeid med kommunen. Grunnen til at han valde denne jobben er fordi han hadde lyst til å prøve det ut, og ein tente også godt på det, seier Vidar.
Mesteparten av jobben bestod av maling og forefallsarbeid rundt omkring på Bokn. Han synest jobben gjekk ganske greitt, og vil ikkje sjå bort i frå at han kan komme til å søkje der neste år og.



**Didrik Jansen Alvestad** har på sitt andre år i kommunens sommarjobbopplegg, velt å arbeide på Torland Bufellesskap. Der har han malt, rydda og jobba litt på garden. Det var berre ein tilfeldighet at han søkte på denne jobben, og han trur ikkje at han kjem til å søkje denne jobben neste år.



**Lars Andre Hognaland** skal til neste år gå på andre år i ein vidaregåande skule og kan difor ikkje få sommarjobbtilbodet til kommunen, men dette året har han jobba på Bokn bufellesskap ilag med Didrik J. Alvestad.
Grunnen til at han søkte på denne jobben er at han jobba der i fjor og tykte det var kjekt. Arbeidet hans gjekk også ut på å mala, rydda og sånt arbeid som finst på ein gard, men sidan han skal jobba der to veker i tillegg til at han har gått eitt år på Karmsund TIP skal han få sveise litt og.



**Vegard Øvrebø** velde dette året å jobbe på Ernst Øvrebø sin gard ute i våga. Der fekk han grave grøfter, kjøre litt traktor og anna forfallande arbeid på ein gard. Grunnen til at han valde akkurat denne jobben var at det var den einaste som passa for han, og han ville ha ein jobb der ein kunne jobba og slita litt. Han kjem truleg til å søkje på denne jobben neste år óg, seier han, og legg til at han likar seg der.

# 9. og 10. klasse på tur til Blomstølen

Daniel Dobrev

**Morgonen den 18. juni sat mesteparten av Bokn skule sine ungdomselevar på ein buss, på veg mot Etnefjella. Me skulle ta inn på ei sjølvbetjent hytte i hytteområdet Blomstølen**.

Turen var arrangert av skulen og var ein del av gym-pensumet. Med på turen var og fire lærarar som skulle halde styr på flokken, noko dei til dels greidde. Buss-turen bort tok om lag to timar, medregna den litle stoppen på Knapphus**.**

Framme ved stien som førte opp til fjellet, var alle elevane klare til dyst. Turen opp var både humpete og bratt, men med ei fantastisk utsikt over dei store, mektige fjella. Stien var merka med raude T-ar heile vegen opp, og gjorde det lett å finne fram for uerfarne turtråkkarar. Det tok ca 3 timar før alle elevane var komne fram til hytta, og på vegen ned tok det 1-2 timar.



Den nyaste hytta frå 2005. Foto: Haugesund Turistforening

Vel framme var dei tre hyttene som tilsaman dannar Blomstølen. Den eldste av hyttene var frå 1936, og den nyaste, som me var i, er frå 2005. Hytta var godt utstyrt med propantankar, ved og solcellepanel på taket, dessutan var ho innreda med moderne møbler og sengeplassar til 45 personar.

Når alle hadde pakka sakene og funne rommet sitt, sto me fritt til å gjere det me ville. Like ved hytta låg eit vatn og ein liten robåt som blei flittig brukt. Kortspel var og ganske populært blant dei eldste gutane. Nokre av elevane sleit med å få dekning på mobiltelefonane sine og måtte difor klatra opp ein fjelltopp for å sende meldingar.

# Bygdabladet for 20 år sidan

**Frå nr. 5 1987**

## Mange fornminne avdekka på Bokn

I traéen for den nye riksvegen er det gjort store funn i Arsvågen, på Nedrebø og på Ognøy

To arkeologar og ein kjemikar frå Arkeologisk Museum i Stavanger har dei siste vekene hatt arbeidsplassen sin på Nedrebø på Austre Bokn. Her har dei funne to hellekister (eller graver) i ei røys som ligg rett i den planlagde riksvegtraseen. I tillegg har dei funne kremerte bein og keramikk i ei grop i røysa. Det er også funne eit spinnehjul i røysa.

I den eine grava er det funne kremerte bein og keramikk, medan det ikkje vert funne noko i den andre. Det kan tyda på at den sist nemnte grava kan vere eldre, kan hende frå jernalderen, då dei på den tida hadde skjelett-begravelse. Restane er difor truleg rotna og forvitra.

Røysa på Nedrebø er bygd i 2 eller 3 fasar, og det er kantmerkeringar som viser dette. Den ytterste er 12x13 meter.

Arkeologane er litt forsiktige med å seia kor gamle funna er, men dei kan vera frå bronsealder og jernalder. Radiologiske datering vil innan eit års tid gi svar på kor gamle funna er.

I Arsvågen vart det gjort funn i to røyser. Det vart funne ei grav i kvar røys. I den eine var det brende bein, keramikk og tre kol. Den andre grava var tom. Denne grava var plyndra. Det er ikkje uvanleg at slike graver er plyndra. Dette kan ha føregått kort tid etter gravlegginga og eventuelt heilt opp til vår tid.

Også på Ognøy har det vore utgravingar i riksvegtraséen omtrent der vegen kjem i land frå Susort. Her var det ein svensk, ein dansk og to norske arkeologar so m fann m.a. ein stein-alderbuplass og 3 fine økser. Her fann dei også 28 kokegroper som kan vera frå bronsealderen.

Arkeologane er ikkje heilt ferdig på Ognøy, og skal tilbake dit. Elles er dei stort sett ferdige på dei andre stadane. Neste år blir det på ny ut-gravingar då mellom Lauplandsvågen og Sandvika, kor det er forneminne i riksvegtrasen.

Arkeolog Mari Høgestøl og kjemikar Anders Forsberg som Bokn Bygdeblad har snakka med, seier at det er rikt med forneminne på Bokn og spesielt langs Boknasundet . dei store røysene langs sundet er heilt spesielle.

Under opphaldet i Bokn har folka frå Arkeologisk Museum hatt ”buplass” hos Solveig og Arne Ognøy. Johannes Øvrebø har frakta dei mellom øyane.

# Siste nytt frå Bokn Bufellesskap

Ove Alvestad

**På bakgrunn av utviklinga rundt Bokn Bu-fellesskap og informasjon som m.a. har kome i media vil underteik-na kome med fylgjande informasjon:**

Bokn Bufellesskap har framleis driftsavtale med Bu-fetat re-gion vest for nær eit år framover. Dette gjeld for den gruppa og dei plasseringsparagrafane vi har hatt til no. Vidare vil ein, silk styret for Stiftinga har signalisert, arbeide for å få høve til å halde fram med denne drifta også vidare.

Diskusjonen om endring av målgruppe er ’lagt død’ og arbei-det med å gi best mogeleg utviklingstilhøve for noverande og eventuelt framtidige barn og unge vil halde fram. Vi vonar på ein ny dialog med Bufetat framover som kan gi grunnlag for vidare drift i noverande form. Ein slik dialog vil på bakgrunn av noverande signal kunne gi ei avklaring mot slutten av 2007.

Gjennom den sterke fokuseringa som har vore på situasjonen rundt Bokn Bufellesskap har vi merka at nokre av dei barna og unge som bur hjå oss har møtt utfordringar vi skulle ønske dei kunne vore forutan. Dette i form av usik-kerheit i høve til eiga framtid, men og i høve til negative tilbakemeldingar i kvardagen.

Eg tiltrur ingen bevisst å ville belaste eller skade våre barn og unge, men ber om at alle hjelper til slik at belastninga for dei som bur ved bufellesskapet i dag ikkje vert unødig stor. Dette kan ein bidra til ved å reflektere over kva som vert sagt i kva for samanheng, og særleg i samband med kva som vert formidla der barn og unge ferdast.

**Ove Alvestad**
**Leiar, Bokn Bufellesskap**

# Kulturkalenderen

- nye arrangement/forandringar blir **utheva** kvar gong -

- daglege oppdateringar i nettutgåva -

**JULI**
07. Marknadsdag på kaien i Føresvik
15. Gudsteneste kl. 19.00

**AUGUST**
05. Gudsteneste kl. 12.00
16. Skulestart, Bokn skule
**17. Kino i Auditoriet**
19. Gudsteneste kl. 11.00
26. Speidaren sin dag
30. Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30

**SEPTEMBER**
01. Kretsmeisterskap, Trial R5 i Forsand
02. Gudsteneste kl. 11.00 - pres. konf./50 års konf.
02. Bingo på skulen kl. 16.00 - arr. Bokn musikkorps
03. Bibellesing på bedehuset kl. 19.30
04. Speidarmøte
09. Misjonsfest NMS, bedehuset kl. 19.00
11. Speidarmøte
**14. Kino i Auditoriet**
16. Gudsteneste kl. 11.00
17. Bibellesing på bedehuset kl. 19.30
18. Speidarmøte
21. Bedehusbasaren kl. 19.30
22. Kretsmeisterskap, Trial R5 i Forsand
23. ABR-senteret, møte på Bedehuset kl. 19.30
25. Speidarmøte
27. Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30
29. Seminar på skulen, Bokn brass
30. Gudsteneste kl. 11.00 - Hausttakkefest
30. Bingo på skulen kl. 16.00 - arr. Bokn musikkorps

**OKTOBER**
01. Bibellesing på bedehuset kl. 19.30
02. Speidarmøte
03. Basar for Den Indre Sjømannsmisjon på bedehuset kl. 19.30
**07. Kaffimøte på Bedehuset. Song & musikk. Kaffi m/noko attåt - arr. Frelsesarméen**
Veke 41 Haustferie, Bokn skule
**12. Kino i Auditoriet**
14. Gudsteneste kl. 11.00
15. Bibellesing på bedehuset kl. 19.30
16. Kontaktmøte på bedehuset kl. 18.00
16. Speidarmøte
20. Auksjon på skulen - arr. Bokn musikkorps
21. Normisjon, møte på bedehuset kl. 19.30
23. Speidarmøte
25. Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30
25. Fotballavslutning på skulen, arr. Bokn IL.
27./28. Hegren sportsdansklubb på Norgescup/Vestlandsserien i Hgsd.
29. Bibellesing på bedehuset kl. 19.30
30. Speidarmøte

**NOVEMBER**
02. Basar for ABR-senteret på bedehuset kl. 19.00
03./04. Seminar på skulen, Bokn skulekorps
03. Haustfest/Dans - "Sjetongane fra Haugesund", arr. Bokn IL
04. Gudsteneste kl. 11.00 - Allehelgenssundag
06. Speidaropptak på bedehuset kl. 18.00
**09. Kino i Auditoriet**
12. Bibellesing på bedehuset kl. 19.30
13. Speidarmøte
16. Kulturkveld på bedehuset
Tema:"Gyldne Øyeblikk" v/Olav Vikse kl. 19.00
18. Gudsteneste kl. 15.00 - 4 årsbok
18. Bingo på skulen kl. 19.00 - arr. Bokn musikkorps
20. Speidarmøte
24./25. Hegren sportsdansklubb på Norgescup/Vestlandsserien i Bergen
25. Møte, NMS, bedehuset kl. 19.30
26. Bibellesing på bedehuset kl. 19.30
27. Speidarmøte
29. Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30

**DESEMBER**
01. Juleavslutning på skulen kl. 13.00 - arr. Hegren sportsdansklubb
02. Lysmesse kl. 19.00
04. Grautfest på skulen - arr. Speidaren
**07. Kino i Auditoriet**
09. Luciafest på skulen - arr. Bokn musikkorps
10. Bibellesing på bedehuset kl. 19.30
16. Gudsteneste kl. 11.00
16. Juletrefest for born på bedehuset kl. 15.00
Arr: Ekornspeidarar, og Småspeidarar
19. Juleavslutning, Bokn skule
24. Gudsteneste kl. 14.00
26. Gudsteneste kl. 11.00
28. Juletrefest på Bedehuset kl. 19.00
Arr.: Frelsesarmeen og bedehusstyret
31. Gudsteneste kl. 16.00

## GYMSALTIMEPLAN, KVELD

| DAG | AKTIVITET | KLOKKESLETT | ANSVARLEG |
|---|---|---|---|
| Måndag | Fotball G8 og G9<br>Bokn musikkorps | 16.45 - 17.45<br>18.00 - 22.00 | Rannveig Foss/Atle Jøsang<br>Lillian Grønnestad/Jardar Havikbotn |
| Tysdag | Danseskule | 13.15 - 18.00 | Wendy Riber |
| Onsdag | Fotball G7<br>Fotball J10 og J12<br>Fotball G13 | 17.00 - 18.15<br>18.15 - 19.30<br>19.30 - 21.00 | Roger Jøsang<br>Louis Medhaug<br>Arild Nilssen/Steeven Høyland |
| Torsdag | Danseskule<br>Fotball G11<br>Volleyball, ungdom<br>Volleyball, vaksne | 14.00 - 17.30<br>17.30 - 19.00<br>19.00 - 20.00<br>20.00 - 22.00 | Wendy Riber<br>Leif Kjellesvik<br>Rita Jensen<br>Atle Jøsang |

# Me gratulerer!



Vi vil gratulere vår **pappa** med dagen som var den 13. juni

**Hilsen,**
**Karen, Gabriel og Ingrid**
**+ kånå**



Vi vil gratulere **Karen** med 11 års dagen som var den 15. juni

**Hilsen,**
**familien**



Gratulerer med dagen som var 15. juni, **Marie (Vågshaug)**
Du er en flott 50 åring.
**Hilsen**
**ei av festdeltakarane**



Me vil gratulera **Sander Sæbø** med 1 års dagen som var 21. juni.

Masse glad i deg!

**Hilsen mamma & pappa**



Hipp Hipp Hurra!! **Malena** fylte 8 år søndag 24. juni!!

**Masse hilsener fra mamma, pappa og Torgils :)**



Vi vil gratulere vår kjære **Sunniva** med fem års dagen den 28. juni!!
Kjempeglad i deg!!
**Hilsen mamma, pappa og Irmelin!**

# God hjelp i Servicetorget og Bygdabladet

Daniel Dobrev

**Hein Robert Sævland har sidan 2. april jobba i Servicetorget og Bygda-bladet, noko han har trivest me.**



Grunnen til at han tok jobben var at han slutta skulen og fann ut at i staden for å sitta heima heile dagen så kunne han komma ut og gjera eit eller anna.
- Dessutan så ser det jo bra ut på CV-en da, seier han.

Jobben har for det meste bestått i å ta telefonar i Servicetorget, fordela post, legga inn dokumenter og litt diverse, dessutan har han og jobba litt på den nye nettsida til kommunen og for Bygdabladet.

Han har søkt på Media og Kommunikasjon-linja på Varda-fjell, og trur han kan få bruk for erfaringa han har fått i Servicetorget og Bygdabladet.

I sommar skal han reisa til verdas største utandørs metal- festival i Tyskland, saman med nokre vener.

**Samtidig med turveg fra Føresvik til Alvestad legges ut til offentlig ettersyn, starter Bokn kommune nå opp planarbeidet med neste etappe. Den skal gå videre sørover fra Fyrvegen og til Alvestadkroken.**

Utgangspunktet for arbeidet er kommuneplan for Bokn kommune, der det er vist turveg helt fra Føresvik og sør til Alvestadkroken. Før planarbeidet starter opp, har en ikke tatt endelig stilling til alle detaljer ved turvegen når det gjelder trasé, stigningsforhold m.v. Arbeidet vil imidlertid bygge på kommuneplanens arealdel, og det er et mål å få en turveg som åpner for bruk av strandsonen, gir gode opplevelses-kvaliteter, og som kan benyttes av alle uansett funksjonsevne. Turvegen planlegges anlagt som en ca 2 m bred grusvei + skulder.

Eventuelle merknader til dette sendes til:

- Bokn kommune, 5561 Bokn
- eller e-post: bernt.ostnor@bokn.kommune.no

**innen 1. september 2007**

Når innspillene har kommet inn, vil det bli utarbeidet et planforslag som skal legges fram for forvaltningsstyret til førstegangs behandling.

**Bernt Østnor**



# Strålande øyastemne!

Jardar Havikbotn

